



Far og son Sverre og Sigmund Myklebust før dei utløyste den første salva på Børnes tysdag middag. Reinseanlegget skal monterast inn i fjellet like ved kaien, i bakkant av den nye tomte til Rune Hjørnevåg. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Endeleg er arbeidet med den første byggjesteget i kloakkreinseanlegget for Uskedalen i gang. Det skjeddde onsdag i førre veka.**

Det var det lokale firma Sverre Myklebust som starta på Børnes med å reinska for vegetasjon det aktuelle område nær kaien der reinseanlegget for dei sentrale delane av Uskedalen skal plasserast. Den første sprenginga fann stad ved middagstider tysdag.

Det er Byggeservice på Sandvoll som har fått entreprisen for det første byggjesteget med ei kostnadsramme på 7,1 millioner kroner, men dei har engasjert Sverre Myklebust til å vera underentreprenør for graving og sprenging både på Børnes og Korsnes. Begge reiseanlegga vert bygd som slamavskillarar i betong..

Sverre Myklebust antar at rundt 2.000 kubikkmeter fjell må sprengjast ut for å få plass til dei nødvendige installasjonane på Børnes. Dei startar 6,5 meter over fjord-nivået men skal ned til 0,9 meter og Myklebust regner med at jobben vil vera gjort rundt juletider. Det siste som vil skje er gjenfylling etter at Byggservice har gjort seg ferdig med den bygningstekniske delen.

Korsnes får sitt eige reinseanlegg og graving og sprenging der vil skje delvis parallelt med arbeidet på Børnes, opplyser Myklebust til uskedalen.no

Det andre byggjesteget skal utførast neste år og då vil det verta bygd pumpestasjonar og overføringsleidningar for å samla kloakken til Børnes..

Dei to reinseanlegga i Uskedalen blir utrusta med mindre overbygg for montering av luktreinseanlegg. Det har ikkje skjedd før ved reinseanlegg i kommunen.

Av Ola Matti Mathisen